



Klima og Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 OSLO

Oslo, 19. september 2014

Høyring på endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag

Det visast til høyringsbrev datert 10. juni 2014 vedk. forslag til endringar i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag og forskrift for motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.

NFS er medlemsorganisasjonen til fjellstyra. Fjellstyra forvaltar 11 % av landets utmarksareal, til saman ca. 27 mill daa. Statsallmenningane i Sør og Midt-Norge er stort sett høgfjellsområde. Statsallmenningane representerar ein spesiell eigedomstype, som har røter tilbake til tidlegare rettstradisjon der bruksrettar var sentrale medan grunneigarretten var lite utvikla. I motsetnad til private eigedommar, der bruksrettar som regel representerer mindre heftingar, er statsallmenningane av ein helt annan karakter og bruksrettane har ofte ein større verdi enn grunneigarretten.

Forvaltninga av statsallmenningane er regulert gjennom fjellova av 1975 og statsallmenningslova av 1992. Statsallmenningslova regulerer forvaltninga av bruksretten til trevirke, medan fjellova regulerer forvaltninga av grunneigarretten og bruksrettane.

Fjellstyra er tillagt administrasjonen av bruksrettane i statsallmenningane. I hovudtrekk omfattar dette landbrukstilknytte bruksrettar som seter og beite samt jakt, fangst og fiske. Innhaldet i bruksretten er ikkje fastlagt i fjellova, men etter mange hundre års bruk. Bruksrettane skal også kunne utvikle seg med tida og tilhøva.

Fjellstyra er i si forvaltning underlagt Landbruksdepartementet, med unnatak av kapitla om jakt og fiske som er lagt til . LMD har delegert det meste av si mynde til Statskog SF.

I statsallmenningane er Fjelloppsynet gjeve ansvar for eit heilheitleg naturoppsyn. Godkjende oppsynsordningar får dekka halvparten av lønnsutgiftene av statskassa, jf. fjellovas § 36. Som grunnlag for godkjenning er det utarbeida ein instruks for oppsynet som slår fast at fjelloppsynet skal prioritere førebyggjande verksemd, og gjennom informasjon, rettleiing og kontroll syte for ein forsvarleg bruk av utmarksområda og bidra til at lovbrott vert forhindra. Det er også utvikla ein nærmare definisjon av kva oppsyn i statsallmenning er:

1. Oppsyn er førebyggjande verksemd (i forhold til pkt. 2), rettleiing, informasjon og tilrettelegging.
2. Oppsyn er å overvake områda slik at samfunnets lovar og reglar samt grunneigars og rettshavars privatrettslege reguleringar vert overheldt.

3. Oppsyn er tilsyn, vedlikehald og skjøtsel av eigedomane med tilhøyrande ressursar for grunneigar og rettshavar.

På dette grunnlaget er det over lang tid bygd opp eit oppsynsapparat i statsallmenningane som i dag utgjer ca. 60 årsverk. Fjelloppsynet tek i vare viktige samfunnsoppgåver ved å legge til rette for allmentas bruk av statsallmenningane, sikre at samfunnet sine lover og reglar vert følgd og at statens grunneigarinteresser blir teke i vare.

NFS gjer merksam på at uttala er handsama i NFS sitt styre. Uttala er også sendt til fjellstyra for evt. kommentarar.

NFS vil i si uttale fokusere på to forhold: Kven skal gje samtykke til etablering av løypetrasear på statsallmenning og forholdet kring kontroll og økonomiske konsekvensar av forslaget.

NFS ønskjar å gje følgjande uttale til høyringa:

Vedk. samtykkekompetanse til oppretting av løypetrasear på statsallmenning (jf. § 10 i motorferdselsloven)

1)

Fjellstyra som representant for bruksrettshavarane har etter lov og forskrift heimel til å gjere ei rekke grunneigaroppgåver. Utlegging av løypetrase på statsallmenning berører dei interesser som fjellstyra forvaltar (landbruk, jakt, fangst og fiske).

Grunndisponering etter fjellovas § 12, som departementet visar til, gjeld for fysiske tiltak i grunnen. Utlegging av løypetrase fortsette at det ikkje er nødvendig med terrenginngrep (jf. høringsnotatet).

Å gje samtykkekompetanse til fjellstyra er ein naturleg konsekvens av dei interesser og oppgåver fjellstyra er satt til å ivareta i disse områda.

Rett til lokal medbestemming tilseier også at samtykkekompetansen på statsallmenning leggst til fjellstyra og ikkje til staten som grunneigar.

NFS vil vidare peke på at Statskog som grunneigar ikkje har nytta muligheita etter § 10 i lov om motorisert ferdsel til å nekte kjøring på statsallmenning. Argumentasjon for dette framgår bl.a. i MOSA-rapporten nr. 16.

Skulle grunneigar også etter endring av motorferdselslova velje å ikkje bruke grunneigarretten til å nekte snøskuterløyper vil i praksis fjellstyra bli avskoren frå reell medverknad i samband med fastsetting av løypetrasse på statsallmenning. Dette såg NFS eit eksempel på i ein kommune i Nord-Trøndelag i samband med snøscooterprøveprosjektet.

2)

NFS delar ikkje departementets syn på at det er nødvendig med ei endring av fjellova for å gje samtykkekompetanse til fjellstyra og vil vise til at dette er gjort tidlegare.

T.d blei det i samband med ny hundelov avklara at kompetansen for å legge ut treningsfelt på statsallmenningssgrunn, der Statskog er grunneigar, ligg til fjellstyra som også forvaltar andre rettigheter knytt til jakt, fiske, jordbruk mv. Fjellstyra har også tidlegare administrert hundetrening på desse områda.

§ 8 Særleg om hundedressur, jakt og fangst (Hundeloven)

Jakthundtrening, jakthundprøver og dressur kan bare foregå med samtykke av grunneieren eller den som har en allmenn bruksrett til eiendommen. For statsallmenningene gis samtykke av fjellstyret.

Lovgjevar la ved vedtaking av hundelovas § 8 til grunn at lokal rett til medbestemming tilsa at kompetansen blei lagt til fjellstyret og ikkje til staten som grunneigar. Valet kunne også vore begrunna med at fjellstyret administrerer meir omfattande rettigheter i statsallmenning enn grunneigar. Statens grunneigarrett framstår som ein restrett, samanlikna med dei meir omfattande bruksrettane som forvaltas av fjellstyra. Det reelle kompetansegrunnlaget for fjellstyrets samtykkekompetanse etter hundelovas § 8 er dermed i realiteten dei bruksberettigta sine totale bruksretter i statsallmenning – dvs. rettigheter som er svært lik eigendomsretten. Dette er privatrettslege rettar som er erverva på grunnlag av bruk gjennom mange århundre (allmenningsrett). Kompetansen bygger dermed ikkje på offentlegrettslege reglar.

NFS ber departementet merke seg innhaldet i Hundelovas § 8 og legge dette til grunn ved endring av «motorferdselsforskrifta».

3)

Skulle departementet likevel komme til at det er nødvendig å endre fjellova for å gje samtykkekompetanse til fjellstyra, ber NFS om at dette blir gjort i same proposisjon som endringane i motorferdselslova.

Alternativt kan § 10 i motorferdsellova gjerast meir «moderne». Etter § 10 i motorferdselslova er samtykkekompetanse lagt til grunneigar ålene. Dette forholdet tar ikkje omsyn til at reell råderett på ein eigedom kan vere delt mellom fleire parter. NFS ber departementet om å følge opp dei tverrpolitiske føringane om lokal styringsrett i bl.a. statsallmenningane og ber om at § 10 i lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag får slik ordlyd:

”Denne lov innskrenker ikke den adgang grunneier og rettighetshaver har etter gjeldende rettsregler til å forby eller begrense motorferdsel på sin eiendom. For statsallmenningene ligger denne retten til fjellstyret.”

Kontroll og sanksjoner:

Kontroll opp mot motorferdsel er særleg krevande av fleire årsakar. Det finnst tøffe miljø som er villige til å gå langt for å undra seg kontroll og straffefølgjing. Det er kjent at det finnst element innfor nokre miljø som setter i verk hemnaksjonar mot personell og materiell. Å sette i verk tiltak mot slike miljø vil kreve avansert politiarbeid og klare straffeprosessuelle heimlar som berre politiet har.

I MOSA-rapporten og Politirollemeldinga (St. meld 42 (2004-05)) er det understreka at kontrollmyndigheit skal ligge hos politiet, men med nødvendig bistand frå og samarbeid med statleg og regionale oppsynsmyndigheiter. Politi som kontrollmyndigheit viser alvoret ved lovbrota.

I MOSA-rapporten blir det også vist til at betre og/eller meir kontroll og oppsyn aukar risikoen for å bli tatt for ulovleg kjøring. Politiet har ei koordineringsrolle. Denne omfattar ikkje berre oppsynspersonell og miljøforvaltninga si tilsynsmyndigheit, men også koordinering og samarbeid med vegtrafikkmyndigheitene.

Evt. forslag om innføring av ulike krav i samband med snøscooterkjøringa må vere handterbare i samband med kontroll.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

Dei føreslåtte endringane vil medføre ei betydeleg utviding av tilgangen til å bruke snøscooter i utmark. For å sikre at omsynet til friluftsliv og naturmangfald blir tatt i vare vil det vere auka behov for oppsyn og kontroll med at kjøringa skjer lovleg.

NFS registrerar at det i samband med oppsyn og kontroll berre blir vist til Statens Naturoppsyn og politiet.

Det er langvarig etablert praksis for at oppsyn, herunder tilsyn med motorisert ferdsel, på statsgrunn og statsallmenning skjer i regi lokalt oppsyn som Fjellopssynet (statsallmenning) og Fjelltjenesten (statsgrunn). Dette går t.d. frem av rundskriv T 1/96.

I § 7 i forskrift om motorisert ferdsel i utmark og på vassdrag blir uttrykket ***oppsyn*** brukt i tillegg til Politiet.

NFS legg til grunn at Fjellopssynet på statsallmenning framleis skal føre kontroll med at lovar og reglar på statsallmenning blir fulgt. Dette følger også av Standard oppsynsinstruks og div. budsjettinnstillingar.

For å sikre eit effektivt tilsyn er det også viktig at SNO, på statsallmenning der Fjellopssynet utførar oppsyn etter fjellova, samordnar sitt tilsyn med fjellstyra gjennom samarbeid og kjøp av oppsynstenestar frå fjellstyra.

NFS vil difor støtte eit forslag om å auke tildeling av midlar til dette over Klima- og miljødepartementets og Justisdepartementets budsjett.

Med helsing
Norges Fjellstyresamband

Jan Borgnes (s)
Dagleg leiar

Perly Berge (s)
Rådgjevar